



# SELJORD KOMMUNE

## Rådmannskontoret

Seljord, 18.05.20.

### Info til tilsette på kommunehuset i Seljord.

Nasjonale mynde tilrår no å opne meir opp i samfunnet og Seljord kommune planlegg å opne kommunehuset 18. mai. Opningstid vil då vere som «normalt» mellom kl. 09.00 -14.00. Sentralbordet vil vere bemanna i sama tidsrom.

Sjølv om ein opnar meir opp for restriksjonar så er det viktig å hugse på dei same smitteverns-tiltak vi alle har blitt så gode på.

- Vask henda ofte og bruk handsprit der det er behov.
- Hald minimum 1 meter avstand dersom ein skal opphalde seg meir ein 15 min i same rom som andre.
- Ta heimekontor og ikkje kom på kontoret dersom ein får symptom på luftvegsinfeksjon eller andre symptom som er uklare.

Arbeidsgjevar skal sikre at dei tilsette kan holde ein avstand på minst éin meter i hele arbeidstida. Det er få av kommunehusets lokale som kan handtere tilrådde nasjonale smittevernsreglar for større grupperingar, vi oppmodar difor alle om å fortsett å avhalde møte på teams/andre digitale plattformer dersom det er fleire ein 10 møtedeltakarar og unngå mest mogleg reise inn og ut av kommunen.

Av kommunehusets møtelokale er det mogleg å ha inntil 15 kommunestyresalen, inntil 6 møtedeltakarar i møterom 1 og inntil 4 møtedeltakarar i møterom 2.

Offentleg transport frå rådast fortsatt.

Dersom tilsette har behov for heimekontor, anten grunna at ein er i risikogruppe/har familie i denne gruppa, eller andre grunnar har behov for slik tilpassing må det på vanleg måte avklarast og avtalast med næraste leiar. (Viktig at ein skriv i kalender dersom ein er på heimekontor.)

Når kommunehuset opnar er det viktig å ha oversikt over besøkande på huset. Det vil difor vere naudsynt å skrive alle som kjem inn i ein besøksprotokoll. Denne tek sentralbordet seg av i deira opningstid, men dersom dykk som tilsett får besøk utanom opningstida til sentralbord, så må dykk møte besøkande ved hovudinngang og skrive inn/ut i besøksloggen.

Vi oppmodar om at dykk nytter dykk av eit av toaletta, gjerne den nærast ditt kontor i den etasjen du jobbar, slik at det på den måten avgrensar evt. smitte.

For å avvikle lunsj vil det bli satt av ny tidsplan som sikrar at alle får spist med god avstand. Forslaget er at 2.etg har lunsj kl. 11.10 - 11.40, medan 1. etg har lunsj kl. 11.45- 12.15.

Med vennleg helsing

Frid Berge  
Fungerande rådmann